



Rune Hope
Litlåsvegen 7
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3389 - 22/55010

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
05.07.2022

Ber om tilbakemelding på avløpsforhold på eigedomen din - gbnr 126/8 Hope

Tiltak: Manglande dykk og lågt nivå i septiktanken
Byggjestad: Gbnr: **126/8**
Tiltakshavar: Rune Hope

Alver kommune har den 21.04.2022 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 31.03.2022 vart registrert manglande dykk på utløpet frå septiktanken på eigedommen din, med adresse **Litlåsvegen 3**. Når utløpet manglar dykk, vil slam og forureinande stoff bli leda ut av slamavskiljaren til pumpekum/fordelingskum eller direkte til infiltrasjonsfilter. Dette kan medføre stor fare for tetting av kum eller filter. Manglande dykk er ein feil som gjer at anlegget ikkje overheld renskrava og kan i verste fall føre til at kloakk slår inn i bustaden eller renn ut av tanken.

Det vart også registrert lågt nivå i tanken. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 01.10.2022.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Avviksmelding med bilete frå Norva 24 er vedlagt.

Skjema sender du/de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensingslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forurensingsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensingsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg - gbnr 126-8
Melding om avvik i tank - gbnr 126/8 Hope
bilde 1
bilde

Mottakarar:

Rune Hope

Litlåsvegen 7

5955

Lindås